



Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2014

med vedlegg om høyringsfråsegner og medieoppslag m.v.

1. Innleiing

KVA OG KVEN ER FNF?

FNF er eit samarbeidsforum for natur- og frilufsorganisasjonane på fylkesnivå. Det er ingen lokale FNF i Sogn og Fjordane. FNF har som føremål å ivareta natur- og frilufsinteressene i aktuelle saker i fylket. Sogn og Fjordane gjekk frå 50% til 100% koordinatorstilling i 2010. FNF i Sogn og Fjordane hadde i 2014 1,6 stilling grunna prosjektmidlar. FNF har kontorlokale i Leikanger Næringshage med kontoradresse Sognefjordvegen 40.

ARBEIDSOPPGÅVER

- Vere ein nettverksbyggjar mellom organisasjonane.
- Oppmuntre til samarbeid på tvers av organisasjonane i samband med kurs, skulering, planarbeid og arrangement.
- Fokus på friluftsliv for alle og folkehelsearbeid.
- Kontinuerleg oppfølging av rullering av arealplanane og andre aktuelle planar i kommunane og fylkeskommunen. Gje organisasjonane varsel om rullering og utarbeide kortfatta informasjon om korleis dei skal gå fram og kva dei skal sjå etter. Passe på tidsfristar og varsle lag/organisasjonar.
- Vere ein pådrivar til at organisasjonane blir varsle om planarbeid og høyringar og oppfordre til samarbeid i samband med utsegner. Hjelp til med utforming og skiving av høyringsfråsegner for enkeltorganisasjonar eller for fellesfråsegn frå fleire organisasjonar der dei har felles interesser.
- Få organisasjonane til å rette merksemd på område som naturlandskap, vindkraft, vasskraft, kraftlinjer, vegbygging, utbygging av våtmarker, miljøreining, bruke Naturmangfaldslova og Plan- og bygningslova.
- Halde årsmøte og fellesmøte for organisasjonane.
- Vere ein bindelekk mellom fylkesmannen/fylkeskommunen og organisasjonane.
- Gjere FNF kjent blant kommunane i Sogn og Fjordane.
- Arbeide for å få oppretta friluftråd i Sogn og Fjordane.
- Verne om allemannsretten.
- Vere observant på motorisert ferdsel i utmark, forsvare det tradisjonelle friluftslivet med stillheit og ro som viktige verdiar.
- Vere med å ta vare på strand- og kystsona.
- Politisk arbeid knytt til natur og friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse ved kommune- og fylkestingsvalet.
- Oppfordre kommunane til kartlegging av stiar og snøggvegar i nærområda for å sikre høva for aktiv dagleg transport og nærfriluftsliv.
- Arbeide for merking av stiar og snøggvegar i nærområda og skilting av turløyper, styrke infrastruktur for og mellom nærfriluftslivet og friluftslivet.
- FNF kan skrive høyringsfråsegner på vegne av to eller fleire organisasjonar som i kvart tilfelle gir si tilslutning til dette.
- Arbeida for å klargjere moglegheiter for verneområde på kysten med fokus på landskaps-, natur- og kulturverdiar.

- Vere synlege i media
- Gjere organisasjonane merksame på kurs og seminar som kan auke kompetansen og vere felles samlingspunkt for organisasjonane. Gje økonomisk støtte til organisasjonane for å sikre brei deltaking på aktuelle kurs og seminar.
- Informere om og legge til rette for auka samarbeid og aktivitetar i Friluftslivets År 2015

UTVIKLING, RESULTAT OG UTFORDRINGAR

God utvikling med auka stillingsprosent – 2 tilsette i ein full- og ein deltidsstilling 150% totalt med utviklingsmidlane frå SFFK til ein prosjektstilling i 50 % for 1-3 år . FNF har hatt prosjekttilsett i 50 % i nærast eitt år, medan lovnaden om 2 nye år er både politisk og resultatbetinga. FNF var sekretariat for Gjensidige-løypemerkongsprosjektet 2011-2013, men noko restarbeid står igjen grunna utsetting av avtalar. Dette vert teke på timebasis av tidlegare koordinator og dekkes av midlar frå prosjektet. Prosjektet gav eit ekstra tilskot i merkingssamanheng, men også økonomisk for FNF. Det sette oss i stand til å kunne utvida stillingsprosenten utover 100% frå 2011. Noko som har virka stabiliserande på dei tilsette. Ordna økonomi, men nye utviklings-/prosjektavtaler må til for å sikra dette framover. Viktigaste utfordringa er å sikre kompetanse og stabilitet for å få utvikle samarbeidet med organisasjonane og støttefunksjonane vidare.

Dei største organisasjonane i fylket har fått utviklingsavtaler av ulik storleik gjennom fylkeskommunen til å styrke og vidareutvikle sitt arbeid. Naturvernforbundet har fått fast grunnstønad i tre år, noko som gjev ei halv stilling til ein fylkessekretær, bl.a grunna aktiv påverknad frå FNF. Organisasjonane er betre representert i regionalt planarbeid, gjennom FNF og med eiga deltaking. Kontakten og samarbeidet med fylkeskommunen, FNF og organisasjonane er god. Det gjeld og for vassregionen og vassområda i fylket.

FNF har levert fråsegner i lag med fleire av organisasjonane i mange saker og elles i samarbeid med enkeltorganisasjonar. Organisasjonane tek truleg tak i fleire saker etter oppmoding eller med informasjon frå FNF, og samfunnsengasjementet er stabilt godt totalt sett innan FNF. Engasjement og forståing for arbeidet med arealsaker kan enno bli sterkare i fleire organisasjonar i fylket. Arbeidet med å få fleire tilslutta organisasjonar held fram. Der det manglar fylkesledd vert det ein ekstra utfordring både for FNF og lokallag/-miljø som tek eit fylkeskoordinerande ansvar. Vi kan gjerne auke fokus og innsats knytta til aktuelle samlingar for å styrke samarbeidet mellom desse laga/miljøa som t.d Kystlaga 6-7 i fylket, padleklubbane/-miljøa omlag 5 i fylket og klatreklubbane, der nokre er felles- og nokre er enkeltvis tilslutta FNF. Fokus på motorferdsle er viktig, fleirtalet av organisasjonane har stort fokus på dette, men vi har ikkje total konsensus i heile FNF om denne saka.

Utadretta arbeid i media og informasjon om FNF ut i kommunane kan framleis styrkast. Vi opplever å få tilsendt fleire saker direkte frå fleire kommunar, men det tek tid å få oppretta god kontakt og gjensidig kjennskap i alle 24 kommunane. Kapasitet og rutinar, samt å finne eigna saker er viktig her. Kortare informasjon om aktuelle saker og samandrag av høyringsfråsegn og innspel kunne gjerne vore sendt oftare ut i media.

Nokre søknader om småkraftverk har fått avslag pga landskap og friluftsliv, samt at nokre at dei dårlege prosjekta no vert teke tidleg ut av systemet av NVE. Klage til OED kan gje betre løysing for m.a Vigdal

elvekraftverk. Største og mest kontroversielle kraftverksak i år var Gjengedalselva kraftverk med samla stort engasjement. Det har i år vore ein auka i tal avslag for søknader om ny vasskraftutbygging. Medan 13 nye vasskraftverk har fått konsesjon for 197 Gwh ny produksjon har 16 nye vasskraftsøknadar fått avslag i alt tilsvarande 238 Gwh. 3 nye vindkraftverk har fått konsesjon for ialt 620 Gwh produksjon, medan eitt vindkraftanlegg er avslått med anslått 22 Gwh produksjon. Utbygginga er lågare enn konsesjonstildelinga, for småkraftverk er 11% under bygging, for større vasskraftprosjekt er 6% under bygging og for vindkraft er 2% under bygging. Låge straumpriser og manglande linjekapasitet er for tida på naturvernet si side.

Ei viktig utfordring er å vidareutvikle samarbeidet med organisasjonane om å arbeide breitt for å ta vare på vilkåra for friluftslivet. Viktige natur-og friluftsområde er for tida pressa frå mange kantar. Å finne fram til nye og fleire aktive i organisasjonane som vil og kan engasjere seg og som også kan skrive er ein utfordring på lengre sikt. Mange saker og mange saksområder, samt auka innvolvering i offentlege planprosessar inkl vassforvaltninga er ofta krevande for dei tillitsvalde.

Organiseringa av friluftslivet på lokalt nivå er meir fragmentert og tilfeldig enn for idretten. For vidare utvikling, styrking og samarbeid mellom friluftslivsorganisasjonane og kommunane er dette ein utfordring. Samarbeid med fylkeskommunen og no med ekstra midlar til å kunne arbeida vidare med dette håper vi styrking på sikt inkl samarbeidsavtalar mellom lokallaga og organisasjonane. Men midlane er berre årvisse. Regionale utviklingsmidlar er skore ned generelt. FNF-organiseringa kan også gje lange og tidsdryge prosessar ved mellombelse tilsettingar i FNF.

2. Saker

VIKTIGASTE SAKER

Grunnfinansiering av organisasjonar og FNF, samt finansiering av prosjekt gjennom regionale utviklingsmidlar gjennom fylkeskommunen. FNF, SFT, NJFF og 4H har fått slike avtaler av ulik storleik, medan NVF har fått auka sin grunnfinansiering til no å kunne løna ein fylkessekretær i 50% stilling. Det var eit viktig og naudsynt løft, der FNF har bidrege positivt i prosessen. Oppfølgande og dialogmøter med SFFK om avtalane og oppfølginga av desse.

FNF har vore representert i administrativ arbeidsgruppe for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Evaluering av planen og oppfølging av kommunedelplanane på dette tema har vore på agendaen i år. FNF er med i referansegruppa for regional plan for folkehelse. Organisasjonane og FNF har delteke på dialogmøte og arbeidsverkstader knytt til planarbeidet og gitt innspel til planprosesseren. FNF var med i konferansekomiteen for konferanse om anlegg og fysisk aktivitet i Førde og holdt eit innlegg om FNF og Friluftslivets År 2015.

FNF har vore med i arbeidsgruppa til forprosjektet for å få oppretta Friluftsråd i Nordfjord. Prosjektleiar har gjort ein god jobb inkl i dei politiske miljøa og prosjektet ser no ut til i gå i hamn. Det vil vere det første friluftsrådet som evt vert danna i fylket og det er såleis både eit viktig og spennande prosjekt. FNF har hatt kontakt med prosjektleiar for kystparken i Solund som ønsker å starte prosessen med oppretting av friluftsråd i HAFS, dvs kystkommunane i særleg del av fylket.

Vassforvaltninga på vassregionnivå, der er FNF, SFT, NVF og NJFF med i referansegruppa for SF Vassregion. Vi spurte om og fekk løyve til lyttande deltaking på møta til vassregionutvalet, noko som viste seg særst nyttig. Vi diskuterte også organisering og rolla til regional referansegruppe i høve reell medverknad, noko som viste seg positivt i dialog med vassregionmynde i SF. Organisasjonane er også noko aktive på vassområdenivå. Arbeidet er krevjande og det har vore lagt opp ulikt i dei ulike vassområda. Kompetanse, politisk leiing og kontinuitet i prosjektleiinga har vore avgjerande for grad av høve for medverknad i dei ulike vassområda. Det er relativt få i organisasjonane totalt som maktar å gå inn i arbeidet då det verkar komplisert og få møte har hatt som formål å vere lokale dvs på mindre/lægre nivå enn vassområdenivå. SFFK vil no gå inn å støtte organiseringa slik at det vert meir stabile tilhøve for prosjektleiing av alle 4 vassområda i regionen. Dette vil truleg styrke høve for medverknad i framtida. FNF/NVF har levert samla innspel til arbeidet. FNF var med i programgruppa for seminar om regulerte vassdrag.

Sjødeponi i Førdefjorden vert framleis ei viktig sak, samt andre arealsaker i sjø i fleire kommunar, men spesielt i Førde og Naustdal. Elles vert det fleire deponisaker i fjord og vatn knytt til vasskraftutbygging og tunneldrift. FNF har ikkje hatt kapasitet til å gå så tungt inn i fjorddeponisaka politisk og vi måtte avlyse eit arrangement grunna sjukdom.

Arealsaker i kommunane, kommuneplanar og saker knytt til utbygging av fornybar energi som vass- og vindkraft vert kontinuerleg jobba med. Småkraftpakkane er store og det er også søknader om større vasskraftprosjekt. I tillegg har det vore fleire saker knytt til nye linjer av ulike storleik og lengde. FNF har ilag med nokre av organisasjonane delteke på folkemøte og synfaringar. Nokre organisasjonar har levert/vore med på høyringsfråsegner til nær dei fleste av desse sakene av verdi for natur og friluftslivet. Det har blitt sendt inn klage til OED på vasskraft- og vindkraftsaker.

Klagesaker og innspel i høve motorisert ferdsel i utmark i kommunane vert jobba med i fellesfråsegn og enkeltvis. Motorferdsle, areal- og energisaker, kystlandskap og regionalt planarbeid er alle viktige felt det har vore samarbeid om.

FNF / organisasjonane er representert i ulike rådgjevande utval knytt til verneområda i fylket, deltek på møte, folkemøte, synfaringer og leverer innspel til planarbeidet knytt til forvaltning.

HØYRINGSFRÅSEGNER

FNF har levert følgjande 22 (28) fråsegner i 2014 (7 i 2013):

Kommunale, fylkeskommunale planar og vassregion:

13.01	Bremanger kommune	Høyringsfråsegn til områderegulering Smørhamn industriområde
24.01	SFFK	Innspel til oppstart av Regional Kulturstrategi
27.01	Førde kommune	Høyringsfråsegn til planprogram for områderegulering Ytre Øyrane
04.03	OP/SF FK	Høyringsfråsegn til Regional plan for Ottadalen sam.arb m FNF Oppland
27.03	SFFK	Høyringsfråsegn med tabell til tiltaksanalyse Vassregion S&Fj
01.04	Førde kommune	Høyringsfråsegn til planprogram for områderegulering Brulandsvellingene

11.04	SFFK	Høyringsfråsegn til Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane
02.05	Vik kommune	Høyringsfråsegn til Arealdelen til kommuneplanen
09.05	Aurland kommune	Uttale til kommunedelplan næring
23.05	SFFK	Høyringsfråsegn til Kulturstrategi for Sogn og Fjordane
05.06	Stryn kommune	Høyringsfråsegn tol planprogram for reg.plan Sleipner-Hoven i Loen
10.06	NVE Nordfjord	Høyringsfråsegn til tilleggssøknad for Ytre ring Nordfjord 132 kV
12.06	NVE Indre Sogn	Høyringsfråsegn til 420 kV-lina Sogndal - Aurland
27.10	Jølster kommune/Brevegen AS	Brev ang Brevegen til Tverrfjellet til Jølster kommune og Brevegen AS
30.10	SNO Naustdal-Gjengedal	Innspeil til høyringsutkast forvaltningsplan Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
30.10	OED/NVE	Klage til OED på konsesjon gitt til Guleslettene vindkraftverk
08.11	NVE	Høyringsfråsegn ny søknad 132 kV Feios-Høve i Vik kommune
13.11	OED/NVE	Tillegg til klage på konsesjon for Guleslettene vindkraftverk Flora/Bremanger k.
02.12	OED	Brev til OED ang konsesjonssøknad Vigdøla kraftverk i Luster
10.12	Forprosjektet	Innspeil til Forprosjektrapport Nordfjord Friluftsråd
15.12	Fjaler kommune	Høyringsfråsegn til forslag til reg.plan for Furevågen Byggefelt i Fjaler
19.12	Luster kommune	Høyringsfråsegn til Arealdelen til kommuneplanen Luster

FNF har levert 6 fråsegner for organisasjonane i 2014 (3 i 2013):

09.01	Aurland kommune	Høyringsfråsegn til kommunedelplan Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. NVF
13.03	NVE	Høyringsfråsegn Konsesjonssøknad Fardalselvi, Sogndal. NVF, SFT
21.03	NVE	Høyringsfråsegn Konsesjonssøknad Kaupangerelvi II kraftverk, Sogndal. SFT
16.05	Flora kommune	Høyringsfråsegn til planoppstart Kyrahola byggjefelt, Storåsen. NVF
09.08	Eid kommune	Høyringsfråsegn til Arealdelen til kommuneplanen. NVF
09.05	Aurland kommune	Innspeil til Aurland kommune sin Næringsplan. NVF

FNF har ytt organisasjonane tilskot, frå midlar som er tildelt frå Frifo og fylkeskommunen, slik at representantar frå organisasjonane har hatt mogelegheit til å delta på faglege samlingar/seminar, folkemøte og synfaringar.

MØTER

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
21.01	DNT Vest møte i Bergen	Elisabeth,
22.01	Folkemøte NVE ang 7 søknader småkraftverk i Fjærland/Sogndal	Elisabeth, Erik Solheim NVF, Alvar Melvær SFT
07.02	Møte i Vevring fjorddeponi, folkemøte + strategimøte	Elisabeth ,
10/11.02	FNF Samling Granavollen	Elisabeth , Marit Vøien Nes NVF
18.02	Møte med naturvernutvalet SFT og IST Indre Sunnfjord Turlag i Førde ang 6 nye småkraftssøknader i Jølster	Elisabeth, Ron og Alvar, Ragna R, m.fl SFT
26.02	Innlegg om FNF på SFT styremøte på Skei	Elisabeth
05.03	Møte i ISVO Aurland, tiltaksanalyse + Multiconsultrapport	Elisabeth, Vidar Moen ÅJF, Ove Eliassen
06.03	FNF Årsmøte i Førde	Elisabeth, AU, m.fl
11.03	NVE Sluttbefaring og møte Vågsvåg vindkraftverk	Elisabeth FNF + repr for NVF, Alvar Melvær SFT
13.03	Bygdemøte Jostedalen Forvaltningsplan for Jostedalsbreen	Elisabeth, Ingeborg Flaten SFT/LuT
18.03	DNT Vest møte i Bergen	Elisabeth, Marino, Ron
19.03	NVE Folkemøte i Hyen, Gjengedalsvassdraget	Ron Overdevest SFT, Alvar Melvær SFT, JF
08.04	Møte i fagleg rådgjevande utval for Ålfoten landskapsvernområde	Alvar Melvær SFT
23.04	Møte Skei konferansekomiteen Anleggs, fysak konf. I Førde	Elisabeth,
26.04	NVF Årsmøte + 100 årsjubileum Skei	Elisabeth, Ove , Alvar Melvær SFT, + NVF

5-7.05	Arbeidsverkstader regional plan Folkehelse Høyanger, Florø, Sandane	
13.05	Arbeidsverkstader regional plan Folkehelse i Sogndal	Elisabeth, Marny Tønnessen ISK
14.05	NVE Folkemøte i Rugsund 132 kV Ytre ring Nordfjord	Ove E., Alvar Melvær SFT
18.05	Strategimøte i Førde ang Vevring Engebø fjorddeponi	Elisabeth, Alvar Melvær SFT, Thorleif, Lin Finjord m.fl NVF
20.05	OED møte og synfaring Gaupne/Vigdøla kraftverk	Elisabeth, Ron Overdevest SFT, Olav Hermansen LJF
21.05	OED Klagesynfaring Okla vindkraftverk Selje kommune	Elisabeth NVF/FNF, Alvar Melvær SFT,
22.05	AU-møte FNF på Skei	Elisabeth + AU
26.05	NVE Folkemøte Sogndal 420 kV lina Sogndal - Aurland	Elisabeth
27.05	NVE Folkemøte Aurland 420 kV lina Sogndal - Aurland	Jørgen Bruheim SFT
28.05	Møte på Eid Nordfjord Friluftsråd oppstartsmøte arb.gruppa	Elisabeth, Joar FK, Gunnar Skjølberg SFT
2-6.06	NVE Synfaringer Fjærland og Sogndal	Ove E., Ron Overdevest, Alvar Melvær SFT
5-8.06	DNT Landsmøte i Loen	Elisabeth FNF, Marino, Ron, Alvar SFT +
14.06	Kartleggingstur i Yttrismorki i Fortun med SABIMA	Elisabeth, SNO, HiSF, SABIMA
15.06	Miljødag i Førde, NVF arrangement, FNF stand m info + quiss	Elisabeth, Ove, Lin, Thorleif, Sigmund, Haakon
16.06	NVE Folkemøte Jølstra kraftverk på Eikås, Jølster	Alvar Melvær SFT
17.06	Førde kommune. Møte om turstiar i kommunen	Alvar Melvær SFT
19.06	Møte med FK om utviklingsavtalen på Fylkeshuset	Elisabeth, Ove E., Marino Ask for AU
02.07	Møte med Indre Sogn Kystlag ang prosjekt/spillemiddelsøknad	Elisabeth, Marny Tønnessen leiar ISK
19.08	FRIFO møte Oslo Motorferdsle + DNT Vest møte Oslo	Elisabeth
20.08	Møte SFFK Vassregionutvalet + referansegruppa på Skei	Elisabeth, Alvar Melvær SFT, Vidar Moen ÅJF/NJFF
21.08	Arbeidsverkstad Regional Folkehelseplan Sogndal	Elisabeth, Inga Reidun Sjøtun LuT
28-29.08	FNF-samling Granavollen + Friluftsfestivalen Raufoss	Ove Eliassen, Marit Vøien Nes AU/NVF
08.09	FNF AU-møte på Skei	Elisabeth, Ove + AU
19.09	SFFK Møte FK i programgruppa seminar regulerte vassdrag	Elisabeth
23.09	FNF Innlegg, SFT Innlegg, SFFK Anleggsteknisk FYSAK konferanse i Førde	Elisabeth, Marino Ask SFT, Marny Tønnessen ISK, Alvar Melvær SFT
23.09	Folkemøte Skei Forvaltn.plan Naustdal-Gjengedal landskpv.omr	Elisabeth
30.09	FNF Samarbeidsmøte om FÅ15 i Førde/video Leikanger	Elisabeth, Ove + AU, NJFF, SFT, NVF m.fl
17.10	AU telefonmøte	Elisabeth + AU
20-21.10	Friluftslivssamling Miljødirektoratet Trondheim	Elisabeth
22.10	SFFK Møte FK Joar Helgheim FÅ15 i Førde	Elisabeth
27.10	Møte rådgjevande utval om Jostedalsbreeb nasjonalpark	Alvar Melvær SFT
28-29.10	Nasjonalt høyringskonferanse vannforvaltningsplanar Trondheim	Elisabeth, Ron Overdevest SFT
30.10	Arbeidsmøte FNF prosjektstilling	Elisabeth, Ove, Marit Vøien Nes/ Marino AU
1-2.11	Fellesmøte SFT i Flåm, FNF Innlegg FÅ15	Elisabeth
06.11	FNF Nettsider kurs Thomas+ vannforvaltningsmøte Silje FRIFO/SABIMA	Elisabeth
14.11	Nordfjord Friluftsråd Ope møte for organisasjonar og arb.gruppa	Elisabeth, Lars Olav Kystlag, Reidun NJFF, Thorleif NVF/Speidar, Ron, Alvar SFT, Gloppen Padleklubb m.fl
14-15.11	FNF Fellesmøte Gloppen hotell på Sandane	Elisabeth, Marino, Lars Olav, Reidun, Thorleif, Erik, Ron, Peter Andresen, A-K Dyrdal m.fl
18.11	Seminar regulerte vassdrag SF i Sogndal	Elisabeth, Marit V. Nes NVF, Olav Hermansen LJF, Vidar Moen ÅJF, Alvar Melvær SFT
26-28.11	Fagsamling NML/PBL med FM/FK i Førde	Elisabeth, Alvar Melvær SFT
04.12	SFFK Dialogmøte FK Førde Regional Folkehelseplan i Førde	Elisabeth, Lin NVF, Astrid SFT,
08.12	DNT Vest telefonmøte	Marino Ask SFT, Elisabeth

08.12	Førde AP. Konferanse om sjødeponi i Førdefjorden	Alvar Melvær SFT,
16.12	SFFK Evaluerings/oppfølgingsmøte Regional FYSAK-plan adm.arbeidsgruppe i Førde	Elisabeth

FOLKEMØTER, SYNFARINGAR, REPRESENTASJON og KURS

Seminar/representasjon/synfaringar

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
22.1	NVE Folkemøte i Fjærland 7 småkraftutbyggingar	Elisabeth, Erik Solheim ,Alvar Melvær
07.02	Vevring fjorddeponisaka ope folkemøte, lukka strategimøte	Elisabeth
12.2	Folkemøte i Fjærland om revidering av av Forvaltningsplanen for Jostedalen nasjonalpark	Alvar Melvær SFT Ron Overdevest SFT
05.03	Vassområde ISVO ope møte rapport og tiltaksanalyse	Elisabeth, Ove, Vidar Moen ÅJF
11.03	NVE Sluttbefaring og møte ang Vågsvåg vindkraftverk	Elisabeth FNF + repr NVF, Alvar M. SFT
13.03	Folkemøte i Jostedalen Forvaltningsplan for Jostedalsbreen	Elisabeth, Ingeborg Flaten SFT/LuT
19.03	NVE Folkemøte i Hyen/Gloppen ang Gjengedalsvassdraget	Alvar Melvær, Ron Overdevest SFT, HJF
28.2-1.3	SRN vindkraftseminar i Oslo, inkl. 1/2 time innlegg om fråsegnskrivning	Alvar Melvær, SFT
08.04	NVE Folkemøte i Ålfoten i Bremanger om Bredvatn Kraftverk	Alvar Melvær SFT
14.5	NVE Folkemøte i Rugsund om 132 kV-linje Ytre Ring Nordfjord	Ove Eliassen FNF, Alvar Melvær SFT
20.05	OED møte og synfaring Gaupne/Vigdøla kraftverk	Elisabeth, Ron Overdevest SFT, Olav Hermansen LJF
21.05	OED Klagesynfaring Okla vindkraftverk Selje kommune	Elisabeth FNF + reprNVF, Alvar Melvær SFT,
26.05	NVE Folkemøte Sogndal 420 kV-linja Aurland-Sogndal	Elisabeth
16.6	NVE Folkemøte på Eikås, Jølster. 2 søknader om utbygging Jølstra	Alvar Melvær SFT
14.05	NVE Folkemøte i Rugsund 132 kV Ytre ring Nordfjord	Ove, Alvar
20.05	OED møte og synfaring Gaupne/Vigdøla kraftverk	Elisabeth, Ron Overdevest SFT, Olav Hermansen LJF
21.05	OED Klagesynfaring Okla vindkraftverk Selje kommune	Elisabeth NVF/FNF, Alvar Melvær SFT,
26.05	NVE Folkemøte Sogndal 420 kV lina Sogndal - Aurland	Elisabeth
23.09	FNF Innlegg , SFT Innlegg, SFFK Anleggsteknisk FYSAK konferanse i Førde	Elisabeth, Marino Ask SFT,
23.09	Folkemøte Skei Forvalt.n.plan Naustdal-Gjengedal landskpv.omr	Elisabeth
28-29.10	Nasjonale høyringskonferanse vannforvaltningsplanar Trondheim	Elisabeth, Ron Overdevest SFT
29.10	Nordic Mining. Folkemøte i Naustdal om straumtilhøva i fjorden m.m	Alvar Melvær SFT
1-2.11	Fellesmøte SFT i Flåm, FNF Innlegg FÅ15	Elisabeth

Styrings- og referansegrupper

Emne	Stad og aktivitet	Deltakarar
Nasjonalepark	Jotunheimen nasjonalpark rådgivande utval	Jørgen Bruheim SFT (FNF)
Reg.plan Folkehelse	Referansegruppe, arbeidsverkstader, Sogndal	Elisabeth Dahle
Vassdrag	Programgruppa for seminar om regulerte vassdrag SF vassregion	Elisabeth Dahle
Villrein		

Landskapsvern	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, arbeidsgruppa	Erik Solheim NVF
Landskapsvern	Fylkesmannen, Ålfotbreen landskapsvernområde, forvaltningsplan	Alvar Melvær SFT
Landskapsvern	Jostedalsbreen nasjonalpark, rådgivande utval	Alvar Melvær, SFT
Landskapsvern	Jotunheimen og Utladalen nasjonalpark, rådgivande utval	
Regional plan fysisk aktivitet, idr., friluftsliv	Administrativ Arbeidsgruppe FIF, SFFK Førde	Elisabeth Dahle, FNF
Vassregion Sogn og Fjordane	Referansegruppe, regional	Elisabeth Dahle FNF, Naturvernforbundet; Thorleif Jakobsen, SFT; Alvar Melvær,

INFORMASJON

FNF i media 2014

FNF Sogn og Fjordane har 15 (16) treffpunkt på Opoint si medieoversikt 2014 (i media).

- 27.01. Småkraftverk utfordrar nasjonalparken. Sogn Avis
- 29.01. Luster bur seg på heit skuterdebatt. Sogn Avis
- 15.02. Norsk natur er og kultur. Sogn Avis
- 22.02. Bruk av fondsmidlar. Sogn Avis
- 16.05. Spurte om bruk av tunnelen. Fjordenes Tidende
- 23.05. Får svar om Okla vindkraftverk i sommar. Fjordenes Tidende
- 27.05. Friluftsråd Nordfjord. Fjordabladet
- 11.06. Felles mål – felles innsats! Fjordenes Tidende
- 11.06. Gått glipp av 5 mill. årleg. Firda
- 11.06. Studerer sjeldne artar. Einaste tur i fylket. Ope for alle. Sogn Avis
- 21.07. Naturen treng frie røyster. Sogn Avis
- 24.07. Å kjøpe seg seg støtte er korrupsjon. Firda
- 05.11. Vegtunnel til Tverrfjellet i Kjøsnesfjorden, Jølster. Sogn Avis
- 14.11. Vil opprette eit friluftsråd i Nordfjord. Fjordenes Tidende
- 06.12. Avviste cruisehamna sine behov. Sogn Avis
- 17.12. DNT også imot sjødeponi. Firda

Informasjonsstand og -arbeid

FNF deltok på Miljødagen i Førde med FNF stand og FNF kviss om natur og naturvern i fylket 15.juni
 FNF har arrangert eit ope informasjons og samarbeidsmøte for organisasjonane om FÅ 15 der også SFFK og Norsk Friluftsliv deltok.

FNF deltok med innlegg på SFT sitt fellesmøte i Flåm om FNF og FÅ 15

FNF deltok med innlegg på Anleggs- og fysisk aktivitet konferanse i Førde om FNF og FÅ 15

ARRANGEMENT

FNF har i året arrangert årsmøte i Førde

FNF har i året arrangert fellesmøte i Gloppen inkl. Minikurs om kommuneplanarbeid og aktuelle høyringsinnspel.

FNF har arrangert eit felles informasjons- og samarbeidsmøte for organisasjonene om FÅ 15

ANNA SAMARBEID

Vi har i løpet av året hatt samarbeid med organisasjonar som ikkje er tilslutta FNF:

Kystparken Solund

SalmonCamera/Stein Malkenes

Sogn Villaksråd

Aksjonsgruppa Vigdøla

Sunnfjord Kajakklubb SKK

Gloppen Padleklubb

4H

Røde Kors

Orienteringskrinsen

Jølster Friluftsfestival/Skifantomet

KFUK/KFUM

3. Organisatorisk

TILSLUTNINGSERKLÆRINGAR

Desse organisasjonane har signert erklæring:

- Sogn og Fjordane Turlag
- Forbundet Kysten ved Kystlaget Hornelen
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- NJFF Sogn og Fjordane
- Fortidsminneforeininga i Sogn og Fjordane
- Norges Speiderforbund Sogn og Fjordane
- Klatreklubbane i fylket ved Sogndal klatreklubb
- Norsk Ornitologisk Forening avd Sogn og Fjordane, ny i 2014

ARBEIDSUTVAL

På årsmøtet 06.03.2014 vart dette arbeidsutvalet (med varamedlemar) oppnemnd av organisasjonane:

Norges Jeger- og Fiskerforbund – Bjarne Borgfinn Huseklepp

vara - Per Norstein

Sogn og Fjordane Turlag - Marino Ask

vara – Astrid Kalstveit

Naturvernforbundet - Marit Vøien Nes

vara - Haakon Breien

Kystlaget Hornelen for Kystlaga - Lars Olav Rylandsholm

vara – Svein Ove Ask

Sogndal klatreklubb for klatreklubbane/miljøa – manglar no representant

Fortidsminneforeningen og NoF avd S&FJ har ein open plass i AU, men har ikkje kapasitet til å delta/stille medlem i AU. Marino Jan Ask vart utpeika til leiar på eit seinare møte i AU, etter Lars Olav Rylandsholm.

Arbeidsutvalet har hatt 5 møter, 2 telefonmøter, samt jobba med bruk av epost og telefon.

ADMINISTRASJON

Elisabeth Dahle har vore tilsett som FNF-koordinator i 100% stilling.

Ove T. Eliassen var tilsett som prosjektmedarbeider i 50 % stilling i tida 01.03.14 – 31.10.14

Einar Skram Husabø har vore tilsett som seniorrådgjevar på timebasis frå oktober 2012, ca 10% stilling med oppfølginga av Gjensidige løypemerkingsprosjektet med sluttrapportar og utbelatingar, samt rekneskap i FNF.

Noregs Jeger- og Fiskeforbund Sogn og Fjordane har arbeidsgivaransvaret.

ÅRSMØTE

Årsmøtet vart halde 06.03.13 på Sunnfjord Hotel og 13 deltakarar møtte.

Sogn og Fjordane Turlag 4 deltakar.

NJFF Sogn og Fjordane 2 deltakar.

Naturvernforbundet 6 deltakar.

Kystlaga 1 deltakar.

FNF koordinator + prosjekttilsett.

Tema:

Årsmøtet godkjende innkalling, sakliste, årsmelding og rekneskap, peika ut representantar til AU og orienterte om utviklingsavtalen med SFFK, tilsetting og presentasjon av ny prosjekttilsett, FÅ 15 og oppstart med FV 14, idedugnad, kommunikasjons- og tiltaksstrategi FÅ 15. Innlegg frå NJFF om felles satsing på friluftsliv.

Referat er sendt ut og ligg også på nettsida.

FELLESMØTE

Førde 14.-15.11.2013 med totalt 15 deltakarar og gjester.

Naturvernforbundet 2 deltakar. 1 innleiar foto

Sogn og Fjordane Turlag 3 deltakarar.

NJFF Sogn og Fjordane 1 deltakar.

Forbundet Kysten 1 deltakarar.

Friluftsrådet Molde 1 deltakar.

Journalist, freelands/naturvernar 1 innleiar

Gloppen Padleklubb 1 deltakar

Kystparken Solund 1 deltakar

Friluftsrådet Molde og omegn 1 deltakar

Plansjef Luster kommune 1 innleiar

Prosjektansvarleg Nordfjord Friluftsråd 1 innleiar

FNF 1 deltakar

Tema:

Prosjekt oppretting av Nordfjord Friluftsråd. Ope møte for organisasjonar og andre interesserte
Innføringskurs i kommuneplanarbeid, Korleis påverke og kva er relevante innspel til planarbeidet i kommunane. Ope kurs

Friluftslivets År 2015

Vassforvaltninga, ny forvaltningsplan og tiltaksplan på høyring

Revisjonskrav, eldre vasskraftkonsesjonar som kan opp til revisjon

Friluftsråd i Nordfjord – status for arbeidet og organisasjonane sin rolle vidare

Naturvernet sine kår i Norge

Årsplan 2014

Strategiplan 2014

Budsjett 2014

Naturfotografi lysbileteframsyning med musikk, avslutning

Referat er sendt til organisasjonane.

Referatet saman med innlegg vert lagt ut på nettsida.

4. Økonomi

Frifo/Norsk Friluftsliv og Sogn og Fjordane fylkeskommune gir tilskot til drifta av FNF. Økonomien i organisasjonen er ordna og god.

TILSKOT – 2014

	Tilskot	Type
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	180 000	Drift
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	300 000	Prosjekt utviklingsavtale
NF Norsk Friluftsliv – driftsstøtte	540 397	Drift
NF mva refusjon	49 464	-Forskot drift 2015?
Sum tilskot	1 069 861	

Leikanger, februar 2015

FNF Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle
koordinator